


# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 1 — April 1979  
12. årgang



**Det store rollebytte**

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 240061.

Redaksjonsnemnd: Ingar Fykse, Harald Haugsvær, Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:** Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 – 11.30.

Torsdag kl. 17.30 – 19.00.

**Prestekontoret Ytre Arna:** Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00 – 19.00.

Onsdag kl. 10.00 – 11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev, 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland, tlf. 240117.

Klokkar Per Sæle, Skulev, 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv, 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 240965.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 241155.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna, tlf. 24 05 69, kontortid mand. fred. kl. 12.00 – 13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland tlf.: 240117.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev, 10, Ytre Arna, tlf. 24 13 10.

# Det store rollebytte



Det vert fortald om ein jødisk skriftlærd som ein dag fekk vitjing av ein mann som vil setja han på prøve. Dersom du kan stå på en fot og fortelja meg kva lova og profetane seier, så skal eg gå over til jødedommen. I jødedommen var det som kjend lange utgreiingar og forklåringar av dei ymse føresegnene i Skrifta, så mannen meinte nok at han var på den sikre sida. Men den jødiske skriftlærde stod opp på ein fot og sa: Du skal elska Herren din Gud av hele din sjel, og din neste som deg sjølv. Dette er lova og profetane. Alt det andre er berre utlegingar og forklåringar av dette.

Men kva er så kristendom? Om dette spørsmål er det også skreve tykke bøker og lærde utgreiingar. Men likevel går det an å seia kva kristendom er med få ord, så og seia når ein står på ei fot: Kristendom er eit stort rollebytte, der Jesus Kristus tek mi plass og eg får ta Jesus si plass.

Kva fortel Bibelen om mennesket si stilling overfor Gud? Den fortel at mennesket er ein syndar, og at det ikkje kan gjera noko anna enn synd slik den heilage, majestetiske Gud ser det. Alle har vi synda og står utan ære for Gud, står det. Og synda gjer oss fortent til straff og for-

taping. Slik er mennesket si stilling. Men Jesus gjekk inn og vart menneske. Han gjekk inn i mennesket sin situasjon, og han tok synda på seg og sona den på krossen. Dermed opna han for at vi menneske kunne få taka Jesus sin plass i tilhøvet til Gud. Jesus er Guds son frå æva og til æva. Han har det evige livet. Det får vi og når vi tek hans plass. Då vert vi Guds arvingar og Kristi medarvingar til det himmelske riket.

*Redaksjonsnemnda  
for Kyrkjelyds-  
bladet ønsker alle  
lesarane ei god og  
velsigna påskehøgtid.*

Avskil med omtykt prestepar:

# Takk til Inger og Finn Halle Tvedt



Det vart halde avskilsfest for Inger og Finn Halle Tvedt i Indre Arna bedehus søndag 28. februar. Frå venstre organist Solveig Tesdal, Olav K. Hesjedal, Inger Tvedt, Finn Halle Tvedt, Einar Tesdal og Ole O. Borge.

Ved månadsskiftet januar/februar reiste sokneprest Finn Halle Tvedt frå Arna for å taka over sokneprestembetet på Tysnes i Sunnhordland.

Soknerådet hadde laga til avskilsfest for sokneprest Finn Halle Tvedt og kona Inger Tvedt i bedehuset i Indre Arna etter høgmessa søndag 28. januar. For dei mange fram-

møtte vart det ei hyggjeleg stund og Inger og Finn Halle Tvedt fekk mange takkens ord med seg. Kyrkjelyden i Arna vart snart glad i Inger og Finn Halle Tvedt. Og på avskilsfesten var det svært mange som ville helsa dei to.

— Vi har problem med å skyna at det er ålvor at Finn Halle Tvedt no skal reisa frå oss, vart det sagt.

Men i staden for å gruvla over det skal vi gleda oss med dei på Tysnes, for dei gler seg til at Tvedt skal koma.

— Vi har vorte glad i Tvedt, og det er med vemod vi tenkjer på at han skal reisa. Han skal ha hjarteleg takk for sin gode, sentrale og klåre preiker. Tvedt har forkynt

klårt lov og evangelium. Han har vore heilluthersk i si forkynning, og vi har kjent oss trygge under preikestolen hans.

Tvedt og kona hans har vore på bylgjelengde med indremisjonen, og dei har vore skatta gjester på bedehuset. Fru Inger Tvedt har vore formann i Ådna misjonsring. Ho vart takka for tenesta der. Organist Solveig Tesdal overrekte blommar og takka henne for arbeidet i kyrkjelyden og i foreningane.

— Vi må ikkje taka det som sjølv sagt at vi får gode prestar i Arna. Eg føler det slik at vi mister ei god gåva i dag, vart det og sagt.


Formannen i soknerådet, Olav K. Hesjedal overrakte ei tinnballe til Finn Halle Tvedt som eit synleg teikn på kyrkjelyden si takksemnd.

På avskilsfesten vart det servert rjomagraut, kaffe og kaker.

Det var stor oppslutning om avskilsfesten. (Øvst).

Res. kap. Ingvar Fykse set pris på god mat, og rjomagrauten fell absolutt i smak. (i midten).

Små og store var med på festen i bedehuset. (Nederst).



Øyvind Øy ny sokneprest i Arna:

# — Vi gler oss til å koma til Arna.

— Vi ser fram til å koma til Arna.

Det er den nye soknepresten i Arna, Øyvind Øy, som sier dette i ein samtale med Kyrkjelydsbladet. Saman med kona Gerd og dei fire barna deira, Geir 12 år, Margunn 11 år, Jostein 9 år og Leidulf 5 år, kjem han til Arna i slutten av juli for å ta til i sokneprestembetet.

Øyvind Øy er no sokneprest i Lindås. Han er 39 år gamal og fødd i Volda på Sunnmøre. Øyvind Øy var hjelpeprest på Voss frå 1967 til han vart utnemnd til sokneprest i Lindås i 1973. I 1971 hadde han eit opphald i USA.

— I Arna er det eit rikt kristeleg organisasjonsliv. Korleis ser du på tilhøvet mellom kyrkja og organisasjonane?

— Organisasjonane har ein viktig plass i kyrkja, seier sokneprest Øy. Organisasjonene utgjør ein vesentleg del av det kristeleg liv og den åndelege kraft i kyrkja. Eg har sjølv vakse opp i organisasjonslivet og kjenner meg heime der.

— Du har vore oppteken av barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

— Dei åra eg var prest på Voss hadde eg barne- og ungdomsarbeidet som mitt særlege arbeidsfelt. Også i Lindås har eg vore ein god del oppteken av det. Barne- og ungdomsarbeidet er heilt grunnleggjande for arbeidet i kyrkjelyden. Gjennom det skal vi hjelpa dei unge til å koma fram til kristen tru.

Men sjølv om arbeidet blant barn og ungdom har oppteke meg mykje legg eg vinn på å vera like mykje prest for alle i kyrkjelyden, ikkje minst for dei eldre.

— I Lindås kyrkjelyd er det noko som kallast «mandagsskule».

— Ja, det er det same som søndagsskule, berre at det skjer på mandagen. I Lindås har det vore ein god og praktisk måte å samla barna på. Men eg vil ikkje seia at søndagsskulane andre stader bør leggja den til mandagen. Der det ligg til rette for det bør søndagsskulen haldast på søndagen. Det er det ideelle, både for søndagsskulen sin eigen del og for å ta vare på søndagen som heilagdag. På kvardagane er det jo andre tilbod for barn, slik som barneforeningar og anna.

— Du har vore spesielt oppteken av at kyrkja må vera meir engasjert i arbeidslivet. For det er grunn for å seia at kyrkja har vorte ei «fritidskyrkje» som har forsømd det arbeidsliv der folk har si daglege gjerning?



Øyvind Øy kjem til Arna i slutten av juli for å ta til i sokneprestembetet. Han er no sokneprest i Lindås og har tidlegare vore hjelpeprest på Voss.

— Eg vil ikkje seia at kyrkja er ei «fritidskyrkje». Men det er riktig at eg i samband med den sterke industriutbygginga på Mongstad har prøvd å få innblikk i arbeidsmiljøet og industrien. Eg har også reist i England og Frankrike for å studera nærare det kyrkjelege arbeidet blant dei som arbeider i industrien. Kyrkja må ha kjennskap til korleis det arbeidsmiljøet er der folk har sin kvardag, og til korleis dei som arbeider i in-

dustrien tenkjer. Det bør vera nokre i kyrkja som er spesielt oppteken av dette, og som kan formidla sine kunnskaper og røynsler vidare til kyrkja. I Frankrike er det spesielle industriprestar som har gått inn i dette arbeidet. Andre, dei såkalla arbeidarprestane, har tatt seg jobb på heiltid som industriarbeidarar. Det er ikkje sikkert at vi i Norge bør ta etter dette. Vi har ein anna teologisk tradisjon. Mange prestar i Frankrike tenkjer annleis om si prestegjerning enn det som er vanleg i Norge. Mange av dei tenkjer svært politisk om si prestegjerning, seier sokneprest Øyvind Øy.

A. St.  
7

## En glemt misjonsmark?

En ungdom i Arna har besøkt flere land i Øst-Europa. I to artikler forteller han om det arbeidet som blir de forhold de kristne bak jernteppet lever under og om det arbeidet som blir gjort i vesten for å hjelpe dem. Den andre artikkelen kommer i neste nummer av menighetsbladet.

Det pastor Richard Wurmbbrand under sitt opphold i Norge vinteren 1965/66 og høsten 1967 fortalte om de kristne liv bak jernteppet, gjorde et sterkt inntrykk på mange. Gjennom ham fant den tanken næring hos endel mennesker at det kanskje kunne være Guds vilje at noen skulle prøve å få istand en eller annen organisert form for hjelp til bibler m. v. for mennesker på den andre siden av jernteppet.

Tanken på en Misjon bak Jernteppet springer ut av den generelle misjonsbefalingen Jesus har gitt og som vi finner i Matt. 28, 18—20. Fra det øyeblikk den kristne kirke ble til, har dette vært oppfattet som en absolutt forpliktelse. Derfor har misjonen båret evangeliet ut over hele kloden, idet utallige misjonærer har gitt sitt liv til Guds rikes sak. Misjonshistorien kan fortelle om blodige ofre som har vært prisen for framgang. Allerede lenge har kirken møtt mer eller mindre

aktiv motstand fra fremmede religioner. Men i vårt eget århundre har denne motstanden kommet til å anta nye former og nye dimensjoner, i det en materialistisk ideologi på en verdensfront er gått til angrep på enhver form for religion. Idag er omtrent en tredjedel av menneskene i verden brakt inn under kommunistisk styre. Dermed er det oppstått en ny misjonsmark, enestående ikke bare i sin geografiske utstrekning, men samtidig også av den største betydning for det åndelige klima for hele menneskeheten. Med full rett har den rumenske presten Richard Wurmbbrand pekt på at her ligger vår viktigste misjonsmark, og den mest forsømte. Kristne forfølges i alle kommuniststyrte land. Bare graden av forfølgelse varierer fra stat til stat.

Som eksempel kan Sovjetunionen nevnes. Der har kommunistene hatt makten i 60 år, og der blir det i statlig regi begått de forferdeligste voldshandlinger mot de kristne. Tusener på tusener er forsvunnet i det veldige fangeleirs-systemet, slik blant andre Solsjenitsyn har dokumentert det i sine bøker. Omkring 90 prosent av alle kirkebygg er stengt eller ødelagt. Idag er et ukjent antall kristne innesperret i konsentrasjonsleirer, fengsler og psykiatriske anstalter for sin tros skyld. Kristne diskrimineres og forfølges i skoler og på arbeidsplasser. Barn som oppdras i kristen tro er blitt tatt fra foreldrene og sendt på ateistiske barnehjem. Bibelmangelen er så stor at kristne betaler opptil en måneds lønn for en enkelt bibel. På tross av en systematisk ateistisk indoktrinering helt fra barnehagetrimnet, er interessen for religiøse spørsmål stadig voksende.

## Mannen med børa

— og eg

Vi har sikkert — mange av oss — sett eit bilete som vi hugsar særleg godt, eller høyrte ei forteljing som sette seg fast i minnet. Biletet eller forteljinga forklarar kanskje ei sanning for oss, og hjelper oss til å hugsa den.

Eg las ein gong ei historie om ein mann som slepte seg bortover vegen med tung bær på ryggen. Ei vogn kom køyrande, og han som køyrde tilbød mannen å få sitja på. Mannen tok med glede i mot tilbødet, og steig opp i vogna. Men han vart sitjande med børa på ryggen! «Kvifor legg du ikkje børa frå deg?» spurde køyrekaren. «Nei, det får vera nok at du skal køyra meg, det kunne då ikkje falla meg inn å la deg ta børa og».

For ein dum mann! tenkjer vi, og smiler litt. Men kvifor hugsar eg så godt nettopp denne historia? — Ho er eit «bilete» for meg. Ho fortel meg noko om meg sjølv. Ja, for eg må vedgå at EG ofte er like dum som denne mannen når det gjeld livet mitt som kristen. Korleis er det med DEG?

Vi som har sagt JA til Jesus og vil fylgja han, — legg vi alle byrdene våre over på han? Det er meininga at vi skal få gjera det: «Kom til meg», seier Jesus, «alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvile!» Matt. 11,28.

Først skal vi få overgi oss sjølve til han — med våre svake punkt, våre freistingar, kjenslene og alt. Så må vi legja alle byrdene våre på han, — alt det som vedkjem oss.

Men høyrest ikkje dette altfor lett vint ut? — Det er på Jesu eige ord vi kjem. Og kvifor skulle vi ikkje ta i mot heile tilbødet? Gud vil at vi skal vera glade og frie menneske — frie til å tena han. Ofte har nok sutene og problema våre hemma oss

og teke motet og gleda frå oss. Men dette var då ikkje meininga.

La oss ta Guds ord på alvor: «Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har å be om, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over alt vit, skal vara dykkar hjarto og tankar i Kristus Jesus». Fil. 4,6—7.

— Store avgjerder og kvardagslegging, suter for dagen i dag og for morgondagen, også slikt som vi ikkje snakkar med andre om. Vi skal få komma til Gud med det. Alt saman. Vi skal få komma i bøn og takk.

Og la du merke til lovnaden? FRED — i hjarta og tanke!

Mannen med børa kan kanskje bli ei påminning for deg også?

Målfrid Sandvik

### Bladpenger for 1979

I dette nummer av Kyrkjelydsbladet ligg det ved ein postgiroblankett som De kan nytta når bladpengene for 1979 skal betalast. Bladpengene er kr. 15 for dei som bur i Arna prestegjeld og kr. 20 for dei som bur utanfor prestegjeldet. Bladpengene er det som ber Kyrkjelydsbladet økonomisk, og vi vonar at alle vil betala kontingenten.

På førehånd hjarteleg takk.

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døypte:

- 12.11. Hallvard Nilsen, Glenn Endresen.
- 18.11. Camilla Mostrøm Larsen, Ruth Fredriksen, Ingunn Larsen, Henrik Langeland, Sverre Yngve Haugen.
- 19.11. Kristine Helene Gunby.
- 26.11. Morgan Fosse, Therese Susan Rysjedal.
- 10.12. Kristin Litangen, Tor Kenneth Moen, Lars Mæstad.
- 29.12. Cecilie Koch Hatlebrekke.
- 25.12. Kim Morgan Fredriksen.
- 31.12. Vibeke Lindvik.
- 14.01. Synneve Marie Monstad.
- 28.01. Mari-Ann Nævdal
- 04.02. Jan Tore Ytrearne, Monica Flåthe Ure
- 18.02. Espen Kjellesvik, Einar Tesdal
- 25.02. Hilde Olsen, Irmelin Fosse
- 03.03. Arild Vik, Kim Roar Hauge, Yvonne Stavenes, Camilla Aksdal, Linda Arnesen Kristin Hennø Larsen,
- 04.03. Kristine Stang, Diane Agnete Bjørsvik Fjelde
- 11.03. Kenneth Holmefjord, Anne Jorunn Hjortås

### Vigde:

- 18.11. Terje Steinsund og Reidun Kristin Hisdal.
- 30.12. Svein Årsvoll og Ragnhild Garnes.
- 06.01. Sigvard Sivertsen og Dagny Kjosås.
- 06.01. Geir Nicolai Vikebø og Ann-Marita Rødland.
- 20.01. Arvid Borge og Torill Brandt Olsen.

### Avlidne:

- 12.11. Brita Stavenes, f. 1905
- 20.11. Johannes Takvam, f. 1897
- 28.11. Ingeborg Nasset, f. 1899
- 04.12. Ingeborg Henriksen, f. 1907
- 05.12. Ruth Apold, f. 1896
- 06.12. Karoline Landaas, f. 1891
- 11.12. Brita Bergstrøm, f. 1892
- 27.12. Nils O. Thunes, f. 1905
- 28.12. Ellen Marie Jacobsen, f. 1892
- 28.12. Agnes Svendsen, f. 1892
- 06.01. Jan Kjørlaug, f. 1925.

# Familieside



- 24.01. Olav Reigstad, f. 1905
- 25.01. Lina Gjesdal, f. 1892
- 27.01. Alida Maria Martinson, f. 1898
- 28.01. Kari Stephansen, f. 1886
- 29.01. Astrid Endresen, f. 1902
- 29.01. Olai Martinius Aasen, f. 1895
- 06.02. Olga Michelsen, f. 1892
- 06.02. Anny Asserson, f. 1937
- 07.02. Maria Steinheim, f. 1890
- 10.02. Marie Romslo, f. 1910
- 26.02. Gustav Midtsæter, f. 1912
- 27.02. Magnar Oddmund Thunes, f. 1933

## YTRE ARNA SOKN

### Døypte

- 19.11. Rannveig Janson, Bente Hunshamar Skorpen
- 25.12. Elisabeth Gaupås
- 04.02. Kjersti Herland
- 09.02. Tine Andreassen
- 11.02. Christer Andersen
- 18.02. Christer Valstad
- 11.03. Kent Rune Pedersen (Arna)

### Vigde

- 11.11. Norvald Hovland og Vibeke Wichstrøm
- 24.11. Egil Seilen og Ingrid Opheim
- 27.01. Svein Halrald Molvik og Randi Kalsås
- 10.02. Rune Svardal og Henni Hjortland, Varg Klaveness og Bente Teigland

### Avlidne

- 11.11. Randi Alfrida Hannisdal, f. 1899
- 20.11. Magnus Haugland, f. 1915
- 01.12. Olga Haugland, f. 1898
- 21.12. Arntfred Valestrand, f. 1900
- 04.01. James A. Hodkinson, f. 1897
- 10.01. Lars Birger Nævdal, f. 1910
- 02.02. Adolf Nodland, f. 1898
- 20.02. Margit Viken, f. 1909

## Hieronymus

Den nye presten var svært så ivrig i tene-  
neste. Hieronymus hadde sjølv vore i  
kyrkja då han vart innsett ein søndag  
tidlig på hausten. Presten hadde då sagt  
at han ville koma på vitjing i alle heima-  
ne i kyrkjelyden før nyår. Men kyrkjely-  
den må ha vore for stor. Trass i ein  
iherdig innsats i haustmånadene hadde  
ikkje presten nådd meir enn halvveges då  
julaften kom. Etter preika julaften må-  
te presten erkjenne at han ikkje hadde  
fått vitja alle. Men om det var nokon  
som ville ha ein samtale med presten i ro-  
mjula kunne dei rekka ei hand i veret.  
Den fullsatte kyrkja såg svært på den ei-  
ne som rakte handa i veret. Det var kona  
til den unge presten.

## Påskemøte i Betania, Lone

Skjærtorsdag kl. 19.30: Talar: Sokne-  
prest Nils Monstad.

Langfredag kl. 19.30: Talar: Sokneprest  
Ingvald Tryti.

1. påskedag kl. 19.30: Talar: Sokneprest  
Einar Johan Tuvin.

2. påskedag kl. 11.00: Talar: Olav He-  
sjedal.

2. påskedag kl. 19.30: Talar: Klara Ulve-  
seter.

Alle er velkomen.  
NORGES SAMEMISJON

## ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste  
gjennom 113 år.

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.



VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

## **ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørges oppsatt

## **ESPELAND GARTNERI**

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi



**-De trenger  
en rådgiver  
i forsikring**

Assurandør Olav A. Hovden  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

## **Storebrand-Idun**

**FOR SIKKERHETS SKYLD**

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## **ARNA ELKJØP A/S**

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
**EL-KJØP**

*Blomar til alle høve!*

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter  
**GARNES GARTNERI**

Telfon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.



# Velkommen til kyrkje



## Preikeliste for Arna

- 01.04. Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Norges Kristelige student- og skoleungdomslag. Barnevakt.  
Ytre Arna: Sokneprest Tesdal. Nattverd. Tekst Joh. 11, 47-53.
- 08.04. Arna: Sokneprest Tesdal. Offer til Påskefestuken. Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Offer til Blå Kors, Bergen krins. Takvam kapell: Kl. 16.30 Nattverdsgudstjeneste ved sokneprest Tesdal.
- 12.04. Skjærtorsdag: Arna: Kl. 19.00 Nattverdsgudstjeneste ved res. kap. Fykse. Arna Helseheim: Kl. 11.00 nattverdsgudstjeneste ved sokneprest Tesdal. Trengereid: Kl. 11.00 res. kap. Fykse. Nattverd.
- 13.04. Langfredag: Arna: Sokneprest Tesdal. Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.
- 15.04. Påskedag: Arna: Høgtidsgudstjeneste ved res. kap. Fykse. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon. Trengereid kl. 18.00: Res. kap. Fykse. Ytre Arna: Høgtidsgudstjeneste ved sokneprest Tesdal. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.
- 22.04. Arna: Sokneprest Tesdal. Offer til Misjon bak Jernteppet. Barnevakt. Kl. 19.00 Ungdomsgudstjeneste. Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Samtale med konfirmantane.
- 29.04. Arna: Sokneprest Tesdal. Nattverd. Offer til Blå Kors. Barnevakt. Trengereid: Re kap. Fykse. Samtale med konfirmantane.
- 01.05. Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudstjeneste ved res. kap. Fykse. Offer til Kristne arbeideres forbund.
- 02.05. Arna kl. 19.00: Kateket Haugsvær. Samtale med konfirmantane frå Garnes-området.
- 03.05. Arna kl. 19.00: Kateket Sandvik. Samtale med konfirmantane frå Indre Arna.
- 04.05. Arna kl. 19.00: Kateket Sandvik. Samtale med konfirmantane frå Espeland — Haukeland.
- 06.05. Arna: Sokneprest Tesdal. Konfirmasjon. Offer til arbeidet i kyrkjelyden. Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Konfirmasjon. Offer til arbeidet i kyrkjelyden.

u 0 1 0 0 0 2

~~Arna~~ 10/9/0